

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:

Vår ref: 2007/161

Saksbeh.: Hans Johan Breidablik,

Førde,
31.01.2007

Høyringsuttalelse, vedr. Lov om xenotransplantasjon

Helse Førde ved Fagdirektør er høyringsinstans. Fagdirektør Breidablik bad om råd frå KEK Hele Førde, som lova å kome med innspel til Fagdirektørs høyringsuttale når vi visste kva Seksjon for medisinsk etikk ville sei i sin uttale (for å kvalitetssikre våre synspunkt fagleg.) UiO notat ligg no føre, sjå eigen e-post.

Generelt vil KEK Helse Førde påpeike at xenotransplantasjon i human medisin ikkje føreligg som etablert behandlingsform eller som utprøvande behandling, ein slik aktivitet ville vere ny eksperimentell forskning. Dei kompliserte faglege og etiske problemstillingar slik aktivitet reiser og evt lovregulering av feltet, må først og fremst vurderast av dei regionale (og nasjonale) forskningsetiske komitter (REK). Området reiser også spørsmål om dyre-etikk som rådet for dyreetikk må drøfte

På allment etisk grunnlag vil KEK Helse Førde sei:


Når det gjeld xenotransplantasjon, så meiner vi UiO sitt notat er avklarande:

- det er svært stor, og uvanleg dramatisk, uvisse kring kva følgjer xenotransplantasjon kan få
- uvisse er så stor at ein ikkje kan gje eit forskningsetisk gyldig samtykke til slike prosedyrer
- xenotransplantasjon kan også tenkjast å påverke tredjepart, som ikkje samtykker i prosedyre.

Det er vanskeleg å sjå kva tungtvegande argument som kan legitimere xenotransplantasjon. I eit nytte-etisk perspektiv er det ikkje råd å seie om dette skulle vere gunstig eller ikkje ettersom me manglar for mykje kunnskap for å gjere dei naudsynte kalkulasjonane. Frå ein plikt-etisk synsvinkel ser det meir enn tvilsamt ut. Prosedyren let ikkje til å kunne sameinast med krav til respekt for autonomien til alle som vert involverte.

Analysen hadde vore enklare dersom ein visste meir om kva nytte xenotransplantasjon kunne innebere for den einskilde og samfunnet. Potensiell nytte for individet og samfunn må vegast opp mot negative effektar for dei same. Og her har me jo ei likning med mange ukjende. Både med omsyn til prinsippa Beneficience og Non-malficience veit me ikkje kva svaret vert. Autonomien er ikkje teke vare på - ikkje for pasienten, ikkje for dei næraste og ikkje for samfunnet ettersom effektane til no er ukjende. Når det gjeld rettvis fordeling av knappe helseressursar, er det også grunn til å vere tvilande til om dette er lurt.

Slik viser det, er det i fyrste rad forskarmiljøa som vil profitere på at me går vidare med xenotransplantasjon. I bioteknologiske spørsmål vert det ofte fremja som viktige innspel at me vil hamne i bakevja dersom dei i utlandet får auka forspranget sitt fordi me skal vere så restriktive.



Når dette argumentet blir nytta, er det eit godt døme på ideologi i Habermas si tyding av ordet: ei partsinteresse som vert framstilt som ein universell interesse.

Vi finn ingen tunge samfunnsmessige argument for at det hastar med å utvikle dette fagfeltet. Med så stor uvisse er det etter vårt syn for tida ikkje råd å sameine xenotransplantasjon med almenne etiske prinsipp.

Inneber dette ei etisk avgrensing av forskinga sitt legitime rom? Kanskje det. Det finst kanskje ting det er uetisk å finne ut av - fordi faren er for stor sett opp mot teoretiske vinstar. Xenotransplantasjon vil uansett alltid vere ein prosedyre for den utvalde krinsen av utvalde i land med overflod og økonomi til avanserte prosedyrar. I eit etisk perspektiv hastar det meir med å sikre vanlege folk i fattige land billeg handsaming for kolera og vaksine mot smittsame sjukdomar.

Slik vi ser det, er det i fyrste rad forskarmiljøa som vil profitere på at me går vidare med xenotransplantasjon. I bioteknologiske spørsmål vert det ofte fremja som viktige innspel at me vil hamne i bakevja dersom dei i utlandet får auka forspranget sitt fordi me skal vere så sære og restriktive. Når dette argumentet blir nytta, er det eit godt døme på ideologi i Habermas si tyding av ordet: ei partsinteresse som vert framstilt som ein universell interesse.

Vi finn ingen tunge samfunnsmessige argument for at det hastar med å utvikle dette fagfeltet. Med så stor uvisse er det etter vårt syn for tida ikkje råd å sameine xenotransplantasjon med mine etiske prinsipp.

Inneber dette ei etisk avgrensing av forskinga sitt legitime rom? Kanskje det. Det finst kanskje ting det er uetisk å finne ut av - fordi faren er for stor sett opp mot teoretiske vinstar. Xenotransplantasjon vil uansett alltid vere ein prosedyre for den utvalde krinsen av utvalde i land med overflod og økonomi til avanserte prosedyrar. I eit etisk perspektiv hastar det meir med å sikre vanlege folk i fattige land billeg handsaming for kolera og vaksine mot smittsame sjukdomar.

(Uttalen er ført i pennen av Trond Aarre, men er drøfta/redigert i KEK og representer KEKs synpunkt)

Venleg helsing

Hans Johan Breidablik
Fagdirektør

Jan Nordeide
Leiar, KEK Helse Førde